



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 03.06.2014  
**Møtestad:** Kommunehuset - Børilden  
**Møtetid:** 09:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordførar
Liv Ulvøy	V	Medlem
Ernst Stellberg	H	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

---

### Desse møtte frå administrasjonen:

---

Jan Olav Osen            Rådmann  
Asbjørn Nagell Toft    Avdelingsleiar  
Thomas Lindås         Avdelingsingeniør

Dato

Per Lerøy  
ordførar

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakliste

Saknr	Tittel
102/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
103/14	Godkjenning av møteprotokoll
104/14	Meldingar
105/14	Delegerte saker
106/14	Orienteringssak
107/14	Sak 14/311 Byggesak gbnr 130/53 Kalandsneset - tomansbustad - klage
108/14	Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for plassering av deler av havbruksanlegg ved Hoplandsosen
109/14	Vedtak- Dispensasjonssøknad om etablering av permanent jorddeponi/jordplassering for landbruksføremål- Gbnr 156/11 og 13 - Hopland
110/14	Vedtak- Dispensasjonssøknad for deling av eldre bustadhus og nausttomt på gbnr.152/3-Litle Lindås
111/14	Vedtak- Dispensasjon- Søknad om deling av tilleggsareal frå gnr. 137/7 til gnr. 137/16-Njøten
112/14	Kjøp av grunn til eigedom gbnr 149/5-Det gamle kommunehuset-Sletting av hefte
113/14	Leigeavtale om kaihus Øksnes
114/14	Nordhordlandspakken - Søknad om delvis bompengefinansiering
115/14	Arbeidsgruppe med rombehov i kommunehuset i Austrheim
116/14	TV aksjonen - Kirkens nødhjelp 2014
117/14	Vidare breibandsutbygging - Rammer for søknad

## **102/14: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **Handsaming:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **103/14: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **Handsaming:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **104/14: Meldingar**

### **Framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

### **Handsaming:**

Meldingane vert tekne til orientering

**Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

**105/14: Delegerte saker**

**Framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**Handsaming:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

---

**106/14: Orienteringssak**

**Framlegg:**

**Handsaming:**

1. Avdelingsleiar rolf Henning Myrmel orienterte om status i prosjektet Vatn til Øyane. Det har blitt mange tilleggsrekningar på prosjektet og det er behov for tilleggsløyving. Sak om dette vil bli handsama i formannskap og kommunestyre.

2. Avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel orienterte om status i parkprosjektet foran kommunehuset,

Framlegg frå ordføraren:

Orienteringane vert teke til vitande.

**Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

**107/14: Sak 14/311 Byggesak gbnr 130/53 Kalandsneset - tomansbustad - klage****Framlegg:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følgje og stadfestar vedtak av 25.03.2014.  
Grunngjevinga er gjeve i saksutgreinga.  
Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.  
Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagehandsaming.

**Handsaming:**

Det var synfaring i saka.

Følgjande var tilstades:

Naboer: Kjell Ove Øye og Trond Knudsen

Utbygger: Vidar Tresvik

Austrheim formannskap: Per Lerøy, Helge Dyrkolbotn, Reidar Øksnes, Liv Ulvøy og Ernst Stellberg.

Administrasjonen: Thomas Lindås og Asbjørn Nagell Toft

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følgje og stadfestar vedtak av 25.03.2014.  
Grunngjevinga er gjeve i saksutgreinga.  
Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.  
Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagehandsaming.

---

## **108/14: Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for plassering av deler av havbruksanlegg ved Hoplandsosen**

### **Framlegg:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon på vilkår frå kommuneplanen sin arealdel i sjø for omsøkte tiltak på oppdrettsanlegget med lokalitetsnr. 11665 ved Jibbersholmane.

Vilkåra er at omsøkt tiltak i FFNF-området ikkje må koma i strid med planane for ilandføringa av Johan Sverdrup oljeleidninga til Mongstad.

Grunngjevinga for vedtaket er at omsøkt tiltak i liten grad kjem i konflikt med arealformålet i kommuneplanen eller naturmangfaldet i området. Grunngjevinga står elles i saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jamfør § 1-8.

Naturmangfaldlova:

Omsøkte tiltak vil ikkje koma i konflikt med naturmangfaldslova. Grunngjevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i Naturmangfaldlova si §5- 7 og § 8-10.

### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon på vilkår frå kommuneplanen sin arealdel i sjø for omsøkte tiltak på oppdrettsanlegget med lokalitetsnr. 11665 ved Jibbersholmane.

Vilkåra er at omsøkt tiltak i FFNF-området ikkje må koma i strid med planane for ilandføringa av Johan Sverdrup oljeleidninga til Mongstad.

Grunngjevinga for vedtaket er at omsøkt tiltak i liten grad kjem i konflikt med arealformålet i kommuneplanen eller naturmangfaldet i området. Grunngjevinga står elles i saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jamfør § 1-8.

Naturmangfaldlova:

Omsøkte tiltak vil ikkje koma i konflikt med naturmangfaldslova. Grunngjevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i Naturmangfaldlova si §5- 7 og § 8-10.

---

## **109/14: Vedtak- Dispensasjonsøknad om etablering av permanent jorddeponi/jordplassering for landbruksføremål- Gbnr 156/11 og 13 - Hopland**

**Framlegg:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen for oppgradering av om lag 20 dekar jordbruksareal og bygging av landbrukveg som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Arbeidet skal ferdigstillast innan 5 år etter oppstart.
2. Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til innhausting av gras.
3. Berre reine natur- og jordmassar kan plasserast her.
4. Det skal vera ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
5. Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med fangedam o.l..
6. Dersom tiltaket skapar miljøproblem for naboar, fisk, biologisk mangfald eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF-området. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 .

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen for oppgradering av om lag 20 dekar jordbruksareal og bygging av landbrukveg som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Arbeidet skal ferdigstillast innan 5 år etter oppstart.
2. Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til innhausting av gras.
3. Berre reine natur- og jordmassar kan plasserast her.
4. Det skal vera ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
5. Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med fangedam o.l..
6. Dersom tiltaket skapar miljøproblem for naboar, fisk, biologisk mangfald eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF-området. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 .

---

**110/14: Vedtak- Dispensasjonssøknad for deling av eldre bustadhus og nausttomt på gbnr.152/3-Litle Lindås****Framlegg:****1. Frådeling av eldre bustadhus:**

Formannskapet gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon til frådeling av eldre våningshus på eigedom

gnr. 152, bnr. 3.

- Vilkåret er at frådelt våningshus utbetrar eller endrar avkøyninga og frisikta mot kommunevegen i tråd med vegnormalane til Statens vegvesen sin «**Håndbok 017 Veg- og gateutforming.**»

-Vilkåret er at landbrukseigedom gnr. 152/3 og gnr. 152/9 frå tinglyst vegrett som i dag forbi frådelt våningshus til landbruksarealet lengre aust. Denne vegretten fell vekk om anna landbruksveg av minst same standard vert bygd inn i dette området frå ein annan stad.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

## **2.Frådeling av naustgrunn:**

Austrheim kommune gjev avslag på omsøkt dispensasjon til frådeling av nausttomt for eigedom gnr. 152, bnr. 3.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

## **Handsaming:**

Framlegg frå ordføraren:

Saka vert utsett til nestes møte og det vert synfaring i saka.

Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak:**

Saka vert utsett til nestes møte og det vert synfaring i saka.

---

## **111/14: Vedtak- Dispensasjon- Søknad om deling av tilleggsareal frå gnr. 137/7 til gnr. 137/16- Njøten**

### **Framlegg:**

Austrheim kommune gjev som omsøkt dispensasjon til frådeling på eigedom gnr. 137, bnr. 7 av areal som tilleggsareal til bebygd fritidseigedom gnr. 137, bnr. 16.

Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.



Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Austrheim kommune gjev som omsøkt dispensasjon til frådeling på eigedom gnr. 137, bnr. 7 av areal som tilleggsareal til bebygd fritidseigedom gnr. 137, bnr. 16. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

---

**112/14: Kjøp av grunn til eigedom gbnr 149/5-Det gamle kommunehuset-Sletting av hefte**

**Framlegg:**

Austrheim kommune løyver kr. 50.000 til eigar av gnr. 149, bnr. 2 for å få sletta formelt «Tilbakefallsrett på vilkår» på gnr. 149, bnr. 5. Administrasjonen arbeider vidare med det formelle grunneigarspørsmålet omkring Austrheim Sognestyre og Austrheim kommune. Eige sak om eigedommen si framtid kjem opp som til formannskapet innan 2014. Løyvinga på kr. 50.000 vert teke frå disposisjonsfondet.

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Austrheim kommune løyver kr. 50.000 til eigar av gnr. 149, bnr. 2 for å få sletta formelt «Tilbakefallsrett på vilkår» på gnr. 149, bnr. 5. Administrasjonen arbeider vidare med det formelle grunneigarspørsmålet omkring Austrheim Sognestyre og Austrheim kommune. Eige sak om eigedommen si framtid kjem opp som til formannskapet innan 2014. Løyvinga på kr. 50.000 vert teke frå disposisjonsfondet.

---

## 113/14: Leigeavtale om kaihus Øksnes

### Framlegg:

Austrheim formannskap godkjenner avtalen mellom Øksnes båtlag og Austrheim kommune slik den ligg føre

### Handsaming:

Reidar Øksnes ynskte vurdering om inhabilitet. Han vart ikkje vurdert som inhabil.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

Austrheim formannskap godkjenner avtalen mellom Øksnes båtlag og Austrheim kommune slik den ligg føre

---

## 114/14: Nordhordlandspakken - Søknad om delvis bompengefinansiering

### Framlegg:

1. Austrheim kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.
2. Austrheim kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.
3. Austrheim kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Austrheim kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidsretta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
4. Austrheim kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte

på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

- vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
- avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
- vurdere finansieringsløyningar (auka offentleg innsats etc.).

#### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

#### **Vedtak:**

1. Austrheim kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.

2. Austrheim kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjeart for prosjekta som er planavklarte.

E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyning for desse prosjekta.

3. Austrheim kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Austrheim kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidsetta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

4. Austrheim kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

- vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
- avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
- vurdere finansieringsløyningar (auka offentleg innsats etc.).

**Framlegg:**

Austrheim kommune oppnemner ei arbeidsgruppe for vidare arbeid med sak om lokalitetsproblematikken på kommunehuset. I arbeidsgruppa vert desse med:

- Hilde Hardang, ingeniør
- Representant frå Helsehuset (dei utnemner ein representant)
- Representant frå Familiekontoret (dei utnemner ein representant)
- Thomas Lindås, byggesakshandsamar/jurist
- Rigmor Ludvigsen, verneombod
- Fagforeningane utnemner ein representant til saman

Leiar i arbeidsgruppa vert Thomas Lindås  
Sekretær i arbeidsgruppa vert Hilde Hardang.

**Mandatet for vidare arbeid med sak om lokalitetsproblematikken på kommunehuset er:**

Arbeidsgruppa skal innan 2014 koma med ei klar tilråding til rådmannen korleis Austrheim kommune på ein framtidsretta og økonomisk god måte skal løysa lokalitetsproblema på kommunehuset og på ambulansetasjonen.

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Austrheim kommune oppnemner ei arbeidsgruppe for vidare arbeid med sak om lokalitetsproblematikken på kommunehuset. I arbeidsgruppa vert desse med:

- Hilde Hardang, ingeniør
- Representant frå Helsehuset (dei utnemner ein representant)
- Representant frå Familiekontoret (dei utnemner ein representant)
- Thomas Lindås, byggesakshandsamar/jurist
- Rigmor Ludvigsen, verneombod
- Fagforeningane utnemner ein representant til saman

Leiar i arbeidsgruppa vert Thomas Lindås  
Sekretær i arbeidsgruppa vert Hilde Hardang.

**Mandatet for vidare arbeid med sak om lokalitetsproblematikken på kommunehuset er:**

Arbeidsgruppa skal innan 2014 koma med ei klar tilråding til rådmannen korleis Austrheim kommune på ein framtidsretta og økonomisk god måte skal løysa lokalitetsproblema på kommunehuset og på ambulansetasjonen.

---

**Framlegg:**

Austrheim formannskap vel fylgjande kommunekomite for TV-aksjonen 2014 :

- Leiar varaordførar Helge Dyrkolbotn
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Eit medlem utpeikt av Varde Grendelag
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne og familielaget
- Ruth Halvorsen og Kristin Nesbø (Servicekontoret)

Austrheim formannskap løyver kr.20.000,- til TV-aksjonen 2014 .

Kostnaden vert dekkja frå post 149038001902

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Austrheim formannskap vel fylgjande kommunekomite for TV-aksjonen 2014 :

- Leiar varaordførar Helge Dyrkolbotn
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Eit medlem utpeikt av Varde Grendelag
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne og familielaget
- Ruth Halvorsen og Kristin Nesbø (Servicekontoret)

Austrheim formannskap løyver kr.20.000,- til TV-aksjonen 2014 .

Kostnaden vert dekkja frå post 149038001902

---

**117/14: Vidare breibandsutbygging - Rammer for søknad****Framlegg:**

Framlegg frå rådmannen:

Det vert søkt post- og teletilsynet om tilskot til vidare breibandsutbygging i tråd med saksframlegget.

**Handsaming:**

Helge Dyrkolbotn ba om vurdering om han var inhabil. Formannskapet vurderte han ikkje som inhabil.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Det vert søkt post- og teletilsynet om tilskot til vidare breibandsutbygging i tråd med saksframlegget.

---